

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021

Kjell Gitton Håland (A) og **Øyvind Strømmen (MDG)** stilte spørsmål om dei var inhabile fordi Håland er styremedlem i KODE og Strømmen er tilsette som rådgjevar i Kvam herad. Håland og Strømmen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e og at Strømmen var inhabil etter forvaltningslova § 6 anna ledd.

Kjell Gitton Håland og Øyvind Strømmen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 13 representanter tilstade.

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Utsetjing

Saken utsettes til et utvalgsmøte etter sommeren. Hovedutvalget erkjenner at saken krever mer tid. Fylkesdirektør bes presentere prosjektene for hovedutvalget og gå gjennom administrasjonens vurderinger som har ledet fram til fylkesdirektørs forslag til vedtak etter sommeren.»

Avrøysting til utsetjing

Davies sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (Frp)

Vedtak

Saka utsetjast til eit utvalsmøte etter sommaren. Hovudutvalet erkjenner at saka krev meir tid. Fylkesdirektør bes presentere prosjekta for hovudutvalet og gå gjennom administrasjonens vurderingar som har leidd fram til fylkesdirektør sitt forslag til vedtak etter sommaren.